



## NOTAT

**Til:** Kontrollutvalet  
**Frå:** Fylkeskultursjefen  
**Kopi til:**

**Dato:** 04. februar 2011  
**Arkivsak:** 200810149-576/OIVBJO  
**Arkivnr.:** 135.6

### Støtte til Hordaland fylkeslag av SOS Rasisme

Vi viser til brev av 10.01.2011 frå sekretariatet for kontrollutvalet, vedkomande orientering om status når det gjeld tilskot til Hordaland fylkeslag av SOS Rasisme.

Kultur- og ressursutvalet vedtok på møte den 04.05.2010 å tildele Hordaland fylkeslag av SOS Rasisme kr. 20.000 i tilskott til fleirkulturell verksemd. På møte den 20.05.2010 vedtok fylkesutvalet å be fylkesrådmannen sjå nærare på situasjonen knytt til det fylkeskommunale tilskottet til SOS Rasisme, med utgangspunkt i den seinare tids medieoppslag.

I tillegg til gjennomgang av skriftleg dokumentasjon har det vore gjennomført møte med Hordaland fylkeslag av SOS rasisme den 28.01.2011. For organisasjonen møtte styrerepresentant Kaspar Vigestad som er tilsett i fylkeslaget med 10 % stilling.

Foreininga SOS Rasisme vart stifta i 1985 og har vedtektsfesta følgjande føremål:

- 1.1.1 *"SOS Rasisme er en partipolitisk uavhengig organisasjon som skal synliggjøre, påpeke og bekjempe alle former for rasisme, uavhengig av generelle og politiske strømninger i samfunnet.*
- 1.1.2 *SOS Rasisme skal fremme aktiv solidaritet med og mellom forskjellige grupper som utsettes for diskriminering i samfunnet. Dette innebærer at organisasjonen skal arbeide for å virkeliggjøre grunnsetninga: Ethvert menneske er likeverdig uansett hudfarge, nasjonalitet og kulturell bakgrunn, kjønn og seksuell legning, språk og livssyn.*
- 1.1.3 *SOS Rasisme skal samle flest mulig i kampen mot alle former for individuell og institusjonell rasisme. Organisasjonen bør i den grad det er forenelig med dens formål og vedtekter samarbeide med og utfylle andre antirasistiske organisasjoner i inn- og utland.*
- 1.1.4 *SOS Rasisme skal være aktiv i kampen mot alle former for nazistisk organisering.*

I følgje vedtektene kan fylkeslag dannast dersom eit fleirtal av lokallaga går inn for dette. Både fylkeslag og lokallag er underlagt landsstyret og legg fram rekneskap/årsmelding til dette organet. Hordaland fylkeslag av SOS Rasisme vart stifta i mars 2009. Hordaland fylkeskommune har til dags dato handsama følgjande søknadar frå organisasjonen:

1. Sak 200910149 -391 søknad av 11.09.2010 om stønad til ålmenne kulturformål, avslag
2. Sak 200900215-129 søknad av 11.09.2010 om stønad til tiltak for born og unge, tildelt kr. 8000.
3. Sak 200912461- 211, søknad av 27.02.2010 om statleg støtte til fleirkulturelle tiltak ( IMDI midlar), tildelt kr. 20.000, som førebels ikkje er utbetalt til organisasjonen.

SOS Rasisme sentralt har vore/er gjenstand for gransking frå fleire hald. Til dømes har Barne og familiedepartementet v/Fordelingsutvalet, i møte den 13.10.2010, vedteke å trekke attende utbetalt nasjonal grunnstøtte for 2008 på kr. 2.709.5513. Grunngevinga er i hovudsak at organisasjonen ikkje har gitt naudsynt innsyn i dokumentasjon og forsømt si opplysningsplikt.

Fordelingsutvalet har også justert utrekningsgrunnlaget for tilskottsåret 2007 med krav om å betale tilbake kr. 809.132. Bakgrunnen er at utvalet har underkjent eit større tal "familiemedlemmer" som SOS Rasisme har oppgitt som teljande medlemmer. Ein har avslått søknad om nasjonal grunnstøtte for 2010.

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjoner ( LNU ) har stevna organisasjonen med krav om tilbakebetaling av 9,7 millionar kroner i tildelte frifondmidlar som ein meiner er nytta i strid med føresetnadene.

Hordaland fylkeslag av SOS Rasisme har nytta nemnde ordning med familiemedlemsskap. Ettersom tilskotta som er ytt frå Hordaland fylkeskommune berre gjeld tiltak/prosjekt - der medlemstal er utan påverknad for tildeling og utmåling - har dette ikkje medført at fylkeskommunale tilskott har vore tildelt/utmålt på uriktig grunnlag. Heller ikkje dei andre spørsmåla som er gjenstand for gransking synast å vere relevant i denne samanheng.

Spørsmålet er etter dette om tildelte midlar er nytta i samsvar med føremål og vilkår for ordninga/tildelinga, mellom anna krav til rapportering. Under følgjer ein gjennomgang knytt til dei to sakene der tilskott vart tildelt.

#### **Sak 200900215 – 129, søknad om tilskott til born og unge:**

Ordninga gjeld tilskott til tiltak/prosjekt for ungdom med verdi for heile fylket eller store deler av det (minst to-tre kommunar), eller som vil samla deltakarar frå fleire kommunar. Det vert ikkje ytt tiltak til investeringar i bygg og anlegg og normalt ikkje til drift av organisasjonen. Det er ein føresetnad for stønad at rapport og rekneskap for tiltaket vert levert, og at fylkeskommunen/fylkets revisor får høve til å setja i verk kontroll. Fullstendige vedtekter følgjer vedlagt.

Kultur- og ressursutvalet tildelar midlane og hadde i 2009 kr 283.000 til rådvelde på budsjettpost "Særlege tiltak for born og unge".

I søknaden utgreidde SOS Rasisme tiltaket som følgjer:

*" Skoleforedrag, seminar, kurs, studiemøter, utdeling av materiell og stand. Starter 20. september og er ferdig 20. februar. I denne perioden planlegger SOS Rasisme 2 skolebesøk, 5 seminarer, 5 kurs og 10 studiemøter i Hordaland. Hordaland SOS Rasisme ønsker å nå fram til folk i alle aldre, men vi fokuserer mest på ungdom. SOS Rasisme i Hordaland har 20 lokallag og 3658 medlemmer, hvorav 3257 er under 26 år. "*

Samla utgifter vart oppgitt til kr. 28.000. Pårekna inntekter vart oppgitt til kr. 1500. Søknadssum frå Hordaland fylkeskommune var kr. 26.500.

På møte i Kultur og ressursutvalet den 01.12.2009 vart det tildelt kr. 8000 til tiltaket. I tildelingsbrevet av 07.12.2009 vart søkar underretta om vedtaket og føresetnadene for dette, mellom anna krav til rapportering/rekneskap for tiltaket og fylkeskommunen/revisors åtgang til kontroll.

Hordaland fylkeskommune har ikkje motteke nokon rapportering frå SOS Rasisme i etterkant. På møte opplyste SOS Rasisme at tiltaket ikkje vart gjennomført og at pengane sto urørt på organisasjonen sin konto. Grunngevinga var at organisasjonen ikkje hadde hatt kapasitet til å gjennomføre tiltaket og rapporteringa, belastninga som følgde av granskinga, medieoppslag m.m. Det vart gjort merksam på at grunnleggjande føresetnader for vedtaket ikkje var oppfylt og at midlane difor ville bli kravd

tilbakebetalt. Representanten hadde ingen innvendingar til dette og opplyste at midlane vil bli ført attende til Hordaland fylkeskommune.

### **Sak 200912461- 211, støtte til fleirkulturelle tiltak ( IMDI ) :**

Dette er eit statleg tilskot som vert fordelt av fylkeskommunen i samsvar med retningslinjer frå IMDI. Føremålet er å yte støtte til tiltak som skapar møteplassar på tvers av ulike etniske og nasjonale opphav. Tilskott vert i hovudsak gjeven til tiltak som er utslag av konkret samarbeid mellom ulike aktørar. Tiltak som berre er retta mot ei gruppe/eit miljø, som ikkje kommuniserar ut, skal normalt ikkje ytast tilskott. Det er ikkje gitt avgrensingar på kven som kan søkje. Tilskottet vert i hovudsak utbetalt etterskotsvis og det vert stilt krav om rapportering til fylkeskommunen på eige skjema etter at tilskottet er gjennomført. Fullstendige vedtekter følgjer vedlagt.

Hordaland fylkeslag av SOS Rasisme søkte den 27.02.2010 om tilskott til tre tiltak. Grunna feil ved førebuinga av saka, vart berre ein av dei tre tiltaka lagt fram for Kultur-og ressursutvalet. Tiltaket gjaldt etablering av eit antirasistisk aktivitetssenter. I søknaden opplyser søkerar følgjande:

*Utgreiing: ” Skape en flerkulturell møteplass. Vårt hovedfokus er ungdom under 26 år, andre er også velkommen til å ta del i vårt antirasistiske aktivitetssenter. Aktivitetene kan være alt fra Dans og formgiving til film og musikk osv. Lokalene er i Kong Oscars gate 25 og trenger å pusses opp før de kan taes i bruk. Tiltaket er rusfritt.”*

*Føremål: Aktivisere folk med med forskjellig bakgrunn i antirasistisk aktivitet. Vi vil jobbe for en flerkulturell og antirasistisk hverdag.*

Som samarbeidspartnarar vart det oppgitt ei rekkje organisasjonar. Det vart søkt fylkeskommunen om kr.50.000. Samla utgifter var kr. 361.000.

På møte den 04.05.2010 vedtok Kultur- og ressursutvalet å tildela kr. 20.000 til dette tiltaket. Grunna vedtaket i fylkesutvalet den 20.05.2010 er tilskottet ikkje utbetalt.

På møte med den 28.01.2011, vart det opplyst at organisasjonen ikkje har makta å gjennomføre tiltaket og at ein no har vald å leggja eigedomen ut for sal. Årsaka er mellom anna belastninga som følgje av granskninga mot sentralledet og manglande utbetaling av tilskott til prosjektet. I epost frå SOS Rasisme v/ Kasper Vigestad dagsett 03.01.2011 heter det:

*”Prosjekt: Antirasistisk aktivitetssenter*

*Planen for 2010 var å få i gang et antirasistisk aktivitetssenter for Hordaland. Som følge av manglende økonomiske midler ble dette påbegynt, men ikke gjennomført. SOS Rasisme Hordaland har koordinert oppusningsarbeid på dugnad og la ned omkring 90 arbeidstimer i dette. Forventede inntekter til oppusningsarbeid uteble.*

*Oppsummert fikk vi gjennomført en del grovarbeid i lokalene, men de er ikke i stand til å brukes pga manglende elektrisk anlegg og avløp. Det må også nevnes at lokalene nå er lagt ut for salg og at det arbeidet som er lagt ned kan ansees mer eller mindre forgjeves. Vi gjorde det som var mulig å gjøre for å lage et antirasistisk aktivitetssenter for ungdom, men midlene strakk dessverre ikke til.*

*Utstyr/materiale: 3000kr. Før/etter- bilder kan ettersendes.”*

At tiltaket ikkje er eller vil bli gjennomført medfører at den grunnleggjande føresetnadene for å utbetale tilskottet er ikkje lengre oppfylt. Midlane som er tildelt vil derfor ikkje verte utbetalt til organisasjonen.

Øivind Bjørkås